


Bokn Bygdablad

Nr. 9 november 2011 – Årg. 26



Friluftsveke – s. 23



Ådnaneset – s. 4



Beste norske – s. 11



Yrkessmesse – s. 12



www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ **BOKN**



"Ewig smil - prosjekt!".....

Tannhelse- og helsedag i 6. kl.

Anne Elisabet Askeland

Torsdag 10.november var underteikna og tannpleiar Vivian Bakke Slogvik, Tannhelse Rogaland så heldige å få lov å ta turen innom 6. klasse på Bokn skule. Og "turen" varte heile dagen.

Ein heilt dag med fokus på tannhelse og på helse generelt. Vi vart møtt av blide, nysgjerrige og kjekke born; spørsmåla var mange – til mykje. Det at klassestyrar Sigrun Hole Hosaas tilretta for at vi skulle kunne gjennomføre ein tannhelse/helsedag som dette var heilt avgjerande.

Vivian Bakke Slogvik har vore ansvarleg for tannhelse-dagar i mange 6. klassar over mange år, men det er første gong dette tiltaket vert iverksatt i hennar regi, på Bokn. I fylge borna sjølve kunne dei godt tenkja seg å omdefinere prosjektet noko: Til neste år bør ein vitje 7. klasse på Bokn skule for så å vitje 8. klasse om 2 år.... Osv.... Vi tek det som eit teikn på at dagen var ein lærerik og kjekk dag for dei involverte.

Tematikken denne dagen var kort oppsummert:

Tennenes oppbygging
Korleis førebyggje karies og syreskadar på tennen
Tannpuss (alle fekk utdelt kvar sin tannbørste og kvar sin tannkrem)
Matvanar
Søvnvanar
Læring og faktorar som påverkar i kva grad ein klarar å ta til seg læring
Praktisk oppgåve (borna laga smoothies og rekna til slutt ut kva 2 dl smoothies kostar)

Borna hadde som nemnt mange spørsmål. Dei var genuint interesserte og dei var ivrige som få då vi skulle lage smoothies. Ein heilt ny blender vart ståande att til skulens frie disposisjon; folkehelsemidlar frå kommune og fylke gjorde det mogleg å få til.

Oppfølging

Det er heilt nødvendig å leggja til at borna tok på eige initiativ tak i oppfølginga av dette tiltaket. Torsdag 24. november; berre to veker etter at vi var der, produserte OG selde dei over 80 glas med smoothies!!!! Dette viser



ALLE MANN I ARBEID, FOR HELSA: Frå høgre: Celine Våga, Roar S. Tjøsvoll, Johan Rossebø, Jan Robin Jøsang, Kristian L. Alvestad med Jørgen Nilssen bak, Emilie A. Espeland, Annelin D. Jøsang og Karen D. Jøsang, bakerst klassestyrar Sigrunn H. Hosaas.

Eivind Staalesen og Sander Alvestad var ikkje til stades då bildet blei tatt.



Hygiene er viktig!



Fargerik næringsdrikk og fargerike jenter.

at borna allereie har reflektert over mange av dei emna vi prata om; dei har vorte meir bevisste på ein av dei mange faktorane som verkar positivt inn på helsa deira. Iveren over å ha handla inn, produsert, smaka og til slutt selv eigenprodusert multivitamin-drikk, var stor. Borna stråla; augene og kroppsspråket deira sa alt.

Til 6.klasse: I og med at de var utselde for smoothies denne gong så dristar vi oss på å håpe at de tek dykk tid til å laga noko meir ved ei seinare anledning. For; då vil også vi koma oppom for å få ein helsebringande smaksprøve! Stå på for helsa dykkar, born – vi er imponerte over entusiasmen!

Peparkakebygda

Det er pr. 29. nov. bare kome inn eit bidrag til peparkakebygda vår. Oppfordrar alle til å lage kreative bakverk.

Frist for innlevering til servicetorget er 9. desember. Fagjury består av forvalningsstyret og vinnaren blir kunngjort på Luciafesten 11. Desember.

For meir informasjon, kontakt servicetorget.





Fram for eit raust Bokn

Kjære sambygding

Bokn kommune er ein liten og sårbar organisasjon der kvar medarbeidar tel. Når me i nasjonale undersøkingar stadig blir rangert mellom dei beste kommunane, er ikkje det minst eit resultat av at me i alle ledd har framifrå duglege, entusiastiske, idealistiske, lojale og sjølvgåande medarbeidrarar. Dei har difor den fleksibiliteten som trengst for å yta innbyggjarane eit dagleg tenestetilbod på høgd med det beste i landet. For overtida får dei likevel sjølvsagt ei betaling i samsvar med gjeldande lønnsavtalar.

Også leiargruppa gjer ein innsats det er å ta av seg hatten for. Men i motsetnad til andre tilsette, får dei ikkje overtidsbetaling eller anna form for kompensasjon. Det gjeld uansett kor lenge arbeidet strekkjer seg ut over normalarbeidstida. Såleis kan dei vederlagslaust sitja på møte til langt på natt.

I kommunar flest er det stor gjennomtrekk av rådmenn. Kvar veke les me stillingsannonser frå kommunar i desperat jakt etter gode rådmenn. I kontrast til dette har me neste år her i Bokn vore så heldige å ha hatt Jan Erik Nygaard som kommunens øvste admi-

nistrative leiar i ein mannsalder. Faktisk er han den rådmannen med lengst fartstid i heile Rogaland. I løpet av desse åra har fleire generasjonar med boknpolitikarar fått glede av å samarbeida med han. Og truleg kan dei alle skriva under på at han har vore ein lojal, samvitsfull og særskilt hardtarbeidande administrasjonssjef som alltid søker dei gode løysingane på ein smidig, profesjonell og diplomatisk måte.

I det heile er det ei stor utfordring å skaffa nøkkelpersonell til dei kommunale administrasjonane kring om. I dette må Bokn konkurrera med mykje større og meir sentrale kommunar. Dette er dess meir utfordrande sidan me nett nå er inne i eit omfattande generasjonsskifte av nøkkelpersonell. Når Bokn likevel er blitt attraktiv, heng det truleg mellom anna saman med at det også for kommunalt tilsette er blitt kjekt å vera her. Gradvis har inntrykket bygd seg opp at Bokn er ein velforstyr og velfungerande kommune der det rår ein inspirerande, inkluderande, raus og motiverande atmosfære og ein romsleg personalpolitikk. Skal Bokn kommune vera liv laga, er det viktig å ta vare på denne profilen.

Fleire nøkkelpersonar har sluttar dei siste åra eller er på veg ut av kommunen. Dette gjeld også seksjonssjefar. Mange og viktige saker har blitt liggan-

de. Rådmannen har i denne situasjonen delvis gått inn i den formelle rolla som seksjonssjef med ei stor auke i arbeidsoppgåver utan å krevja noko form for honorering. Bokn kommune har spart pengar utan at drifta blei forstyrra. I det heile har det vore ei vesentleg auke i arbeidsmengda for rådmannen.

Dette var utgangspunktet då formannskapet i møte den 14. juni i år diskuterte kompensasjon til rådmannen. Resten av historia har blitt grundig referert i dagspressa. Det som skulle vera ein hyggeleg gest og klapp på skuldra til rådmannen vår for lang og tru teneste, blei ei trist sak som gjennom negativ vinkling av ei konspiratorisk presse skada omdømmet til Bokn kommune. Sjølvsagt nytta dei også høvet til å stilla spørsmålsteikn ved om små kommunar har livets rett.

Nå gjeld det å leggja denne saka bak oss. Me må sjølvsagt læra av det som har skjedd, men løfta hovudet og sjå framover og konsentrera oss om dei viktige sakene for boknarane. Me skal ikkje la oppslaga i pressa få øydeleggja den positive stemninga som har rådd i bygda i dei seinare åra. Ein skal lyfta blikket og visa boknarane som rause, inkluderande og positive. Det biletet av boknarane er det me skal visa verda!

Ordføraren



Mange barn får kløande blemmer i hender og på føtter for tida. Er det vannkoppar?

Er det vannkoppar?

Dag-Helge Rønnevik

Mange barn får kløande blemmer i hender og på føtter for tida. Er det vannkoppar?

Hand-foot-and-mouth sjukdom

– er også det norske namnet på ein sjukdom som kan forvekslast med vannkoppar. Barna får bleike blemmer på tær og i fotsålar, hender og tunge/munn. Nokre får også småprikkar i bleieområdet og på legger. Til forskjell frå vannkoppar er det sjeldan at borna har høg feber eller er medtatt. Blemmene kan gi kløe, men sjeldan intens – slik som ved vannkoppar.

Duggdråpe på et rosenblad

Slik kan utslettet ved vannkoppar skildrast i poetiske ordelag – ei gulaktig skinande perle på raud hud. Dersom ein studere eit foto av blemmene ved hand-foot-and-mouth sjukdommen, ser ein lett at blemmene her er matte, bleike og litt kantete av utsjånad. Vannkoppar vil etter kvart også gi

små opne sår og seinare skorper. Det skjer ikkje med hand-foot-and-mouth sjukdommen.

Ikkje munn og klovsjukdom

Det er kanskje best å halda på det engelske namnet for å unngå forveksling med munn og klovsjukdom, som er ein langt meir alvorleg sjukdom for både folk og fe.

Varer gjerne ei veke

Ved hand-foot-and-mouth sjukdom er barna plaga med utslettet rundt ei veke. Det er berre dei første dagane dei er påverka, og sjølv om sjukdommen er smittsam, er sjukdommen så pass mild og det ikkje fare for komplikasjonar – slik at barna kan gå i barnehage så snart dei er i god nok form til å klara seg utan ekstra pleie og trøst.

Tips mot kløe

Den raskaste og rimelegaste måten å lindra kløe på – uansett årsak – er nedkjøling av det området som klør. Fyll kaldt vatn og isbitar i ei bolle og kjøl med raske skift av kalde omslag

på det kløande hudområdet. Aloe vera gel og kvitvask kan også vera til hjelp, men bør ikkje brukast på vannkoppsår eller andre opne sår. Kvitvask som har stått på eit varmt bad i fleire månader sidan siste gongs bruk kan vera full av bakterier og gi infeksjon i opne sår. Dersom desse enkle råd mot kløe ikkje hjelper, bør ein ta kontakt med fastlege for diagnose og medisinering.

Kjelde:
Lars Johan Lysen
Smittevernlege Tysvær kommune

Turen til Bokns ende

Birger Lindanger

Søndag den 30. oktober blei boknarane lokka over treskåla att. På ny var det kommunens *Frisk i friluft-satsing* og historielaget som sto bak meisterstykket.

Nå har me vore på høgaste Boknafjellet, me har vore på festninga på Loden, nå var jammen meg turen kome til dei fjerne husmannsplassane på Ådnaneset og. Jamvel tilårskomne og berreiste boknarar hadde hørt om Ådnaneset – men vore der, det hadde dei ikkje. Ådnaneset som tyder "neset der



Fyrst gjekk me på ein laaang kjerreveg frå Søra Grønnestad vestover mot Ådnaneset. Hermine Lindanger er i ferd med å opna grinda.

Foto: Birger Lindanger

ørna held til".

Det var ikkje fritt for at spenninga var stor framfor den store dagen. Ville det i det heile dukka opp folk, kven ville koma, koss ville veret bli, var oppleget godt nok eller ville det enda med snott og tårer? I større grad enn tidlegare skulle deltakarane overlatast til seg sjølv, det kunne aldri gå godt? Historielaget skulle vera med og vrimala mellom alle dei andre, hadde dei helsa til slikt?

Morgonen kom og veret var ideelt: Overskya, men opplett! Då me kom til Kleivå, såg me at bekymringane for om det ville koma folk, var unødvendige. Her vrimala det, mest like mange som hadde budd der ute på neset på det meste. Her var folk frå fem til nærrare dei átti og alle kjønn var representerte og attât to hundar.

I Kleivå førebudde Anne folket på ekspedisjonen og kvar fekk sin rasjon



I tunet på Ådnaneset samlast folket for vidare instruksar frå Anne. Til høgre heimehuset og med utsikt mot nord.

Foto: Kjetil Hamre



Ikkje alle bygninga var like nye. Jordkjellaren i forgrunnen kan godt vera 150 år og frå husmannstida. I bakgrunnen det gamle hønsehuset

Foto: Birger Lindanger



Midtvegs til Ådnaneset passerte me den 170 år gamle husmannsplassen i Baståsen. Han blei fråflytta kring 1890.

Foto: Birger Lindanger

med mat. Så krydde me av garde til Søra Grønnestad, sette bilane frå oss nedanfor han Kjell og vrimla vest over nylaga traktorvegar. Det gjekk gjenom sorpa og pukk, over liggjegrinder og lynchhei og framom den gamle husmannsplassen Baståsen medan drøsen gjekk. Kven var det nå som hadde budd der, var det ein på Grønnestad som hadde forhekxa Stemmevatnet, kunne ein av dei der ute på Ådnaneset gjera folk friske og spå veret?

På høgd med det første av dei gamle bruka, svinga me opp i veglaust terreng og kom opp til det første av bruka – bruket der syskenparet Markus og Elida ein gong budde. Tjødhaneset og dei andre plassane lenger ute fekk vera til ein annan gong. Så samlast me i tunet – framleis sto fire av dei gamle bygningane.

Anne delte ut heftet om Ådnaneset i gamle dagar og konkurranseoppgåver – ein skulle teikna eller skriva om koss ein såg for seg Ådnaneset om 20 år. Tredjeparten av deltakarane – 15 stykke, let seg frista og gjekk over i ein modus av intense konsentrasjonar. Over heile plassen låg det vaksne og born i fokusert kunstnarleg utfalding lokka av pengar og stor heider.

Dei andre vrimla rundt på oppdagingsferd i nytt land og fortærte den utdelte matrasjonen. Det blei fotografert og

drøst – det var verdt turen heitte det jamnast.

Så var det å traska den halve timen tilbake att og kjenna at ein var god og trøytt i kroppen – nett ein passeleg tur



Martine Jøsang i sving med fargeblyantane.



Drøs på gamle steinar. Frå høgre Liv Vatnaland, Leif Vatnaland, Svanhild Alvestad og Oddrun Grønnestad.

Fotos: Anne Askeland

Og vinnaren er....!!

Anne Elisabet Askeland

Vinnaren av teikne og skrivekonkurransen som blei halden då Bokn kommune og Bokn historielag arrangerte historisk tur til Ådnaneset 30. oktober er Erik Nilssen, 13 år - med historia om ungguten Erik; etterkomar av Kristian Nilsson.

Juryen melder fylgjande:

Historia har ei god oppbygging bygd på eventyrsjangeren, der ein vert presentert for fleire overraskande vendingar. Reisa til fylkesmannen er eit døme på eit overraskande element i historia. Det same er tanken om eit meterologisk senter på Ådnaneset i 2030 samt dei ørsmå "politiske sparka" vi kan lese mellom linjene. Som leser får ein ta del i uventa løysningar. Historia skil seg frå dei andre historiane og teikningane; då desse er meir forutsigbare frå start til slutt. Juryen har også vektlagt at forfattaren på ein fin måte koblar fortid til framtid. Historia er, sjølv om ho er kort, svært innhaldsrik.

Om rammene for konkurransen er det å seia:

Deltakarane vart inviterte til å utfordra spontanitetan sin og til å få tankane "på papiret" – anten som tekst eller som teikning. Konkurransen vart hal-

den utandørs og deltakarne hadde svært begrensa med tid før innlevering. Vi var alle spente på korleis veret ville påverke konkurransen. No var vi heldige; det var opplett og godt ver. Teikningar og tekst er vurderte på lik line med kvarandre og i same kategori. Når det er sagt: Då det kanskje naturlig nok var flest born som leverte inn teikningar, har juryen bestemt at alle som har levert inn teikning får kvar sin trøystepremie.

Juryen gratulerer vinnaren og vi gler oss til å høyra meir frå han?

Vinnaren får eit gåvekort på 2.500,- kroner frå Bokn kommune, overlevert av ordførar Kyrre Lindanger. Tiltaket er iverksatt på bakgrunn av kommunen si Frisk i friluft - satsing.

Juryen:

Kyrre Lindanger, ordførar
June Kro, leiar, "Kjekt på Bokn"
Birger Lindanger, Bokn Historielag
Gro Sørensen, administrasjonen
Jardar Havikbotn, adm. - kultur
Anne E. Askeland, adm. - koordinator Frisk i friluft



- SJÅ SIDE 8 -

Erik Nilssen skriv historia si på Ådnaneset 30. oktober.

Då dei dansa i Ådnaneset

Birger Lindanger

Meir folk enn i Foresvik

På eit kart eg kom over, var det markert ein eigen tettstad på vestsida av Bokn ut mot Karmsundet, Ådnaneset var staden kalla. Faktisk budde det der ute i den veglause og hamnelause heia meir folk enn til dømes i Foresvik. Kva var då dette for noko?

I 1808 kom silda tilbake til Bokn etter 25 års fråver. Men napoleonskrigane gjorde at det først var etter 1815 at tilhøva for Bokn verkeleg betra seg. Mest årvisst søkte store sildeberg inn under Bokn og kombinert med framifrå vilkår for jordbruket, særleg åkerbruket, gjorde øyane her til eit overskotsområde.

Sildefisket saug til seg folk slik at folketallet i Bokn i løpet av 30 år fram til 1845 auka frå 504 til 900 eller med 80%. Havets sylv gav eit overskot som gjorde at det var etter måten langt færre fattige i Bokn enn i andre rognlandsbygder.

Husmennene kjem

Rykjet om kor godt det var å leva i Bokn spreidde seg vidt i kring og folk flytta til. Ikkje minst søkte dei seg mot stader som låg strategisk til i høve sildefisket. Ikkje minst var det rom i den svære, felles utmarka til bøndene på Nora Grønnestad. Dei første som dukka opp hjá grønnestadbøndene med bøn om å få bygsla ein husmannsplass der vest ute ved Ådnaneset, var Knut og Kristine, begge frå Laupland. Knut var den yngste av seks brør og hadde difor ingen utsikt til å få ta over heime på Laupland. Når han så kom i lag med husmannsdottera Kirstine frå Aksdal og dei i 1831 venta born i lag, var det ikkje anna råd enn å sökja seg ein husmannsplass. Og dei fekk då leiga eit stykke ute på Ådnaneset under Nora Grønnestad mot ei årleg avgift og litt pliktarbeide hjá alle bøndene på Nora Grønnestad. Bare eit par år etter dukka det opp ei ny stove her ute. Det var husmannssonen Ole Svensson Økland og kona Elisabeth Jensdotter frå Sand som trong ein stad å bu. Så kom det opp ei ny husmannsstove. Og borna kom på rekke og rad med to års mellomrom. Fram til 1855 budde det åtte born i denne heimen.

Harde kår

Eit par år etter Ola og Elisabeth fekk sjernarøybuane Mikkel og Angela rydda eit lite åkerstykke og setja seg opp hus. Om lag samstundes, kring 1840, kom det også folk i Baståsen som grensa opp til Ådnaneset i sør aust.

Alt kring 1840 låg det såleis fire husmannsplassar her ute, det var som ei lita grend. Men det stoppa ikkje med det. Det kom folk i stykket Tjødnavaika litt vest for sjølve Ådnaneset. På det



Folka på eit av bruken i Ådnaneset kring 1928. Frå venstre Torger, Olena, Knut, Bertha, Maria Grønnestad og Nils Hansen.

Eigar av fotoet er Haldis Herigstad.

meste kring 1870 budde det sju familar på kvart sitt stykke her ute. Det skal då ha budd opp mot 40 menneske her, dei fleste born.

Nokre av plassane her ute blei elles skylddelte til eigen bruk ved hundreårsleidet: bruk 4, 5 og 6. Hamna her ute var likevel temmeleg ring. Dei bruken difor mest mindre båtar - færingar og sekæringer. Større båtar - som motorbåtar og skøyter - laut liggja lenger inn i Grønnestadvågen. Sjøen sto slik på her ute at båtstøene blei øydelagde mest kvar vinter. Så var det kvar vår å byggja dei opp att. Her fanst heller ikkje naust eller sjøhus. Fiskereiskap og teiner laut difor anten takast heim og leggjast i kjellar eller løe eller plasserast i sjøhusa inne i Grønnestadvågen.

Den dryge skulevegen

Veg fekk dei aldri ut her. Det var bare ein ring gangsti gjennom llynghei og over myrar. Særleg var det drygt for alle skuleborna her ute å gå dei innpå fire kilometrane kvar veg. Skulevegen deira gjekk langs Grønnestadvågen over bekken frå Nedre Grønnestadvatnet vidare innom Sunnlandsstraumen og så nordaust til skulen på Hognaland. Var det flom i bekken, kom borna titt våte til skulen eller dei blei beint fram haldne heime. Kom dei seg til skulen, fekk dei sitja ved omnen for å tørka sokkar og tresko. Dette blei det ei endring på då den gamle vippebruha i Sunnlandsstraumen blei flytta og lagt over bekken.

Dei hadde heller aldri hest her ute. Difor måtte alt fraktast med båt eller bærast på ryggen. Å bera kokfisk for sal ein halv time kvar veg gjennom utmarka til nabogardane, var difor aldri aktuelt. Og kvar torve laut berast på

ryggen frå myrane. Elles galdt det å utnytta kvart strå som vaks her til før - og endå laut dei kjøpa.

Synd, dans og misvokster

Det var eit tett sosialt fellesskap her ute. Likevel blir det sagt at dei først på 1900-talet danna to floyer - dei strengt kristelege og dei meir liberale. Ådnaneset var også periodevis ein samlingssstad frå gardane ikking: Trosvåg, Grønnestad og Sunnaland. Mellom anna blei det skipa til dans på ei fin flat hjá "Markus". Dei litt strenge kalla dette dansestykket for "Syndabakkjen" eller "Hedningebakkjen". Det blei sidan heilt svart og korkje gras eller "poda" ville gro der, blei det sagt.

Meterolog, astrolog og naturlege, igler og omslag

Særskilt må elles nemnast Kristian Nilsson på bruk 6. Han var ein gammal sjømann og husmannsson frå "Nilsaplassen" under Søra Grønnestad og fødd i 1844. Då han gifta seg i 1888 med Serina frå Jøsen, fekk dei to skilt ut ein liten jordflekk til å leva av. Her hadde dei ei ku og elles var Kristian svær til å dyrka lök og tente pengar på det. Attåt dreiv han som alle andre fiske.

Men det som gjorde Kristian kjend, var at han dreiv som naturlege og meterolog. Han hadde almanakken og varsla veret med utgangspunkt i ulike stjernekonstellasjonar og merke i naturen: Når skarven sette seg på staken i Grønnestadvågen, blei det storm! Då laut båtane trekkjast heilt opp på grøne marka.

Han såg òg varsel om "feige" folk på sjøen - folk som skulle drukna. Mellom anna fortalte han at han og broren Hans såg ein "dødsseglar" ved Ådnane-

set medan dei låg og fiska med snøre. Dette meinte han var eit førevarsle for ulukka då Lars og Erik Trosnavåg koll-sigla og mista livet på sjøen.

Og feila folk noko, var det å gå til Kristian. "Dette skal me nok fiksa" let han om. Dei viktigaste hjelperådene han hadde, var å leggja omslag på eller å setja på igler som saug blod på den vonde staden. Og han visste å ta hol i ein svullfing.

Dei siste

Etter andre verdskrigen var det bare to personar att her ute: Syskenparet "Markus" og Alida. I 1960 døydde så Markus medan Alida - som den aller siste - heldt ut her heilt til i 1971.

Flyfotoet er teke i 1963 og viser kor bart det framleis var her ute. Diverse er ikkje dei ytterste husa, t.d. i Tjødnavika, med på dette biletet. Me ser mot søraust og Søra Grønnestad.



Frisk i friluft-satsinga; kva er det?

Anne E. Askeland

Frisk i Friluft er ein del av den nasjonale FYSAK-satsinga, som innebærer at fylket har forplikta seg til å jobbe systematisk med fysisk aktivitet i det helsefremjande arbeidet.

Denne modellen inneber eit partnerskap mellom stat, fylkeskommune, kommune og frivillige organisasjoner, der Rogaland fylkeskommune innehavar koordinatorrollen på fylkesnivå medan det sit *Frisk i friluft*-koordinatorar ute i kommunane (Underteikna for Bokn kommune).

FYSAK/Frisk i Friluft er sektorovergripande og tverrfagleg både på fylkeskommunalt og kommunalt nivå, der dei frivillige organisasjonane er viktige bidragsytarar.

Turen til Ådnaneset var den andre historiske turen i eit samarbeid mellom Bokn kommune via *Frisk i friluft*-koordinator/Kjekt på Bokn og Bokn Historielag. Midlane kommunen får frå fylket er øyremerka konkrete tiltak. Tiltaka skal, så langt det let seg gjera, bidra til å utjamne sosiale helseforskjellar.

Ei anna viktig målsetjing er å tilrettelegge for at så mange som mogleg skal kunne vere med for på denne måten å nå dei som er inaktive i dag. Måtar å gjere dette på er å tilrettelegge for tiltak for fysisk aktivitet der det er lett å ta seg fram, å tilrettelegge for tiltak som ikkje kostar noko samt kommisere det enkelte tiltak ut til bygda slik at det når flest mogleg. Ein kan m. a nemna at ein frå kommunen si side har som målsetjing å marknadsføre ulike aktivitetar både via etablerte informasjonskanalar som Bokn Bygda-blad og www.bokn.no samt at ein legg ut informasjon i postkassane til alle



innbyggjarane. Sjå for øvrig meir under avsnittet om Handlingsplan *Frisk i friluft* 2011.

Bokn kommune vart teken opp i *Frisk i friluft*-partnarskapet med Rogaland

Fylkeskommune, i juni i 2010. Den fyrste aktiviteten i så måte var ein historisk tur til festningsanlegget på Loden 2. mai: Alle på skulen, både elevar og lærarar deltok; tilbakemeldingane etterpå var flotte. Den andre aktiviteten (relatert til Handlingsplan for *Frisk i friluft* 2010 for å vera heilt eksakt) var altså den historiske turen til Ådnaneset sundag 30. oktober. Boknarane vart inviterte til å ta turen ut til Ådnaneset, til å lata "tanken fly" for så, om ynskjeleg, å delta i ei skrive og teiknekonkurranse.

For dei som har vakse opp i Bokn eller

som er etnisk norske, fell det kanskje noko lettare å finna engasjement for historia som har vore her på Bokn. Bokn kommune har difor eit stort ynskje om også å inkludere dei som er – innflytta til Bokn og som i tillegg eventuelt også har fleirkulturell bak-

grunn. Ei av hovudmålsetjingane i "Kjekt på Bokn" (målsetjing definert av dei involverte i arbeidsgruppene) har vore nettopp dette: Å sikre møteplassar for inkludering. Det er difor kjekt å notere seg at desse målsetjingane er samanfallande med blant anna målsetjingar for *Frisk i friluft* samt folkehelsearbeidet generelt, og at ein difor effektivt kan spela på lag; på tvers av budsjett og prosjektkode.

**Link til Bokn på
www.friskifriluft.no**

Arbeidet med å publisere nyttig informasjon om aktuelle turar i Bokn er no i gong. Skulle du ynskja så vita meir kan du gå inn på linken: www.friskifriluft.no. Der vil du finna ein link vidare til kommunane på Haugalandet; no også med link vidare til Bokn. Arbeidet med å legge ut aktuell informasjon pågår (prøveversjon tilgjengeleg pr. i dag)og skal vera avslutta innan desember 2011.

Erik Nilssen sitt vinnarbidrag (sjå s. 5):

Ådnaneset 2030

Det var ein gong ein plass som blei kalla Ådnaneset. Her budde det masse driftige folk. Dei dreiv med jordbruk og fiske, og dei var særskilt opptatt av å finne nye måtar å levnære seg på. Her budde det også ein gut som heitte Erik. Han var etterkommar av ein mann som heiter Kristian Nilsson. Det var ein mann med særskilde evner, og som var meterolog, astrolog og naturlege.

Erik, som var ein ung og moderne gut, hadde arva nokre merkverdige evner etter Kristian Nilsson. Han hadde evnen til å forutsjå og overtale folk til å ta avgjerder som alltid var til det beste for folk flest.

Folket i Ådnaneset hadde store planar og flust med idear. Men; i 2030 var det nesten uråd å få til noko som helst, då lovar og reglar var så heilt bort i natta at driftige ådnanesingar var begynt å flytta vekk. Mesteparten av innbyggjarane var flytta til Amerika med ideane sine.

Situasjonen var blitt så vanskelig at noko måtte gjera. Dei samla seg til møte, og på møtet sneik Erik seg inn og satt og høyrde på. Han forstod godt kva problema var. Han tok ei modig beslutning, og dagen etter reiste han inn til sjølvaste fylkesmannen og banka på døra. Han blei ønska velkommen inn. Han framførte alle problema han

hadde hørt dei vaksne snakka om. Han brukte sine spesielle evner, og forutså og foreslo løysingar for folk på Ådnaneset. Fylkesmannen lytta og var enig, og bestemmelse blei tatt på staden.

Han kunne reise heim og visa dei vaksne kva han hadde fått til. Og i dag ser me kva det har ført til. Han hadde hatt Kristian Nilsson i tankane då han foreslo å bygge eit internasjonalt sentrum for naturmedisin, samt eit meterologisk institutt.

Snipp, snapp snute så var eventyret om Ådnaneset ute.

Sjå også siste side.

Fotoinnsamling

Gje fortida ei framtid!

Birger Lindanger

Korfor?

Arbeidet med bygdeboka går raskt framover og skal dekkja tida heilt fram til 2012. Men boka skal ikkje bare vera skrivne ord, me vil også at lesarane skal få sjå koss bygda tok seg ut for opp til 150 år sidan. Boka blir venteleg på kring 500 sider. Tanken er at same kvar ein slår opp, skal det også vera eit bilet. Det vil seia at ein etter kopieringa får med seg bileta heim att med det same. Vedlagt ligg eit par foto frå sist, det

svært viktig å kopiera sjølvé bileta, det er like viktig å få registrert kva bileta dreier seg om. Når og kvar er biletet teke, korfor og kven er fotografen og kven er med på bileta er det avgjerande viktig å få sikra for ettertida.

Som sist blir bileta registrerte på staden. Det vil seia at ein etter kopieringa får med seg bileta heim att med det same.

Vedlagt ligg eit par foto frå sist, det

eldste over 150 år gammalt. Det viser kva skattar som ligg rundt kring i heimane.

Når og kvar?

Tid og stad kjem me tilbake til i neste nummer av bygdabladet. Men det blir teke sikte på tida kring månadsskiftet januar/februar 2012.

Så gå og grav i album og lausbilete. Ta med alt som har med Bokn å gjera så skal me vurdera kva som har verdi til å bli kopiert og sikra for ettertida i Bokn.



DET ELDSTE KJENDE FOTOET AV BOKNARAR.

Det viser dei kjende losane frå husmannsplassen Lodahaien og er frå kring 1860. Frå venstre Kristen, Rasmus og Ommund Ommundsson Loden.



BOKNS ELDSTE LANDSKAPSFOTO.

Det er frå kring 1870 og teke frå Holmen mot Tristovehuset.

Leit, finn og kom!
Ikkje bare er det

Eg seie meg så

Birger Lindanger

Vanskeleg

Var førre gongen lett, må denne gongen ha vore dess vanskelegare. Rett nok fekk "dagsenterdamene" alt rett. Men sidan må me ned til sjukestova med åtte av ti og Andor med sju av ti rette for å finna dei neste. Sidan fylgte ein delt fjerde plass for to som begge hadde fem rette! Denne gongen var altså også fem rette ein solid prestasjon!

Ikkje alle veit at "pilsen" er ein underkjole og at "å vera attian" vil seia å ta seg ein høneblund. Det kunne kanskje vore presisert frå redaksjonen at det siste i denne samanhengen ikkje tydde "å koma borti".

Så forklaringane:

- | | |
|-------------------------|---|
| 1. å skreia seg | å skli på isen med tresko |
| 2. tasaskab | svakt, veikt, ringt, därleg |
| 3. å flåsa | å snakka tøysete, slurvete, respektlaust |
| 4. sjossen | slarven, uforsiktig |
| 5. ei tvåga | kjørlefille, vaskefille |
| 6. å vera attian | ein liten høneblund |
| 7. pilsen (ikkje drikk) | underskjørt |
| 8. ein hit | ein skinn- eller tøypose til å ha ting i |
| 9. teser | innesko, utgåtte sko ein trør rett i |
| 10. ei larja | eigentleg ei kumokka, men kan også brukast om noko som er ringt. Til dømes kan både ein ring båt eller ein lat person vera ei larja |

Resultatlista denne gongen var då fylgjande:

Dagsenteret
Sjukestova
Andor Borgenvik

Ti av ti
Åtte av ti
Sju av ti

Om det ikkje blei full pott denne gongen, er det likevel ingen grunn til å fortvila.

Det er det samla resultatet som tel.

Forslag til forklaringar kan leverast
Bokn Bygdablad innan 12. desember.
Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

Du kan senda inn på fleire måtar:

MAIL post@bygdabladet.no

SMS 98 22 15 08


BREV Bokn Bygdablad
Boknatur
5561 Bokn

MÅNADENS UTTRYKK

Kva betyr...

1. ildning
2. beinleies
3. å ikkje støyda strå
4. lann (ikkje område)
5. eit hogbed
6. å gå av sigle
7. trås
8. eit vandykle
9. ein stikkedåse
10. hyllekrog

Her skulle vera litt av kvart.
Lukke til!



Er vandykle eit boknauttrykk for heghe, altså ein fugl som stadig sto i vatnet og yvla, det vil seia "speida etter fisk?

Teikning: BL

Gratulerer!



Janne Elin Vatnaland 20 år, 15. nov.
Ønsker å gratulera løpsfantomet vårt Janne Elin Vatnaland med 20 års dagen. Gratulera så masse, du e bare rå!

Kyss og klem fra mamma, pappa, Marte, Mia og Båtsman



Martine Hesthammer 8 år, 26. nov.

Vil gratulere med 8 års dagen!

Klem fra mormor og besten



Eskil Bokneberg 7 år, 15. november

Gratulera så masse med dagen til bestaste Eskil!

Stor klem frå Celina, Julie og mamma



Martine Hesthammer 8 år, 26. nov.

Gratulera så masse med dagen, vennen!

Koseklem fra mamma, Adrian, Noah og pappa



Marianne Sunde 16 år, 25. november

Gratulera med dagen!

Stor klem fra mamma, pappa og Marius

Send bilde og tekst til post@bygdabladet.no eller MMS til 98 22 15 08

Bokn Bygdablad for 20 år sidan

FRÅ NR. 9 1991

TRAFIKKMENGDA TVANG DET FRAM: BEGGE STORFERJENE TIL BOKNSAMBANDET

Frå sundag den 27. oktober har Rogaland Kystferger sett inn storferja "Fjordveien" i tillegg til "Stamvegen" i sambandet Arsvågen-Mekjarvik. Desse ferjene tar henholdsvis 145 og 180 personbileiningar (pbe).

Ferja "Skutvik" som tidlegare gjekk i Boknsambandet er frå same dato sett inn i Skudenessambandet.

Det er vegsjefen og samferdselsministeren som har avgjort at begge storferjene skulle gå i Boknsambandet. Årsaka er at det i lengre tid har vore ventetid i Boknsambandet p.g.a for liten kapasitet, medan ferja i Skudenessambandet til dels

har gått halvfull. Slik sett er det trafikantene sjøl som har bestemt at Boknsambandet måtte ha dei største ferjene.



M/S Fjordveien

KULTURKALENDEREN

Desember

- 06. Grætfest på skulen kl. 18.00 for heile speidaren
- 07. Styrearbeid i frivillig sektor - **sjå s. 16**
- 08. Soknerådsmøte, Bokn bedehus kl. 19.00
- 09. Kino i Auditoriet
- 11. Gudsteneste kl. 11.00
- 11. Luciafest kl. 18.30, arr. Bokn musikkorps

- 18. Juletrefest på bedehuset kl. 15.00 - arr. Sundags-skulen og familiespeidaren
- 19. Julekonsert i Bokn kyrkje - **sjå s. 19**
- 24. Gudsteneste kl. 14.00
- 26. Gudsteneste kl. 11.00
- 28. Juletrefest på bedehuset kl. 18.00 - arr. Bedehus-styret og frelsesarmeene
- 31. Gudsteneste kl. 16.00

Beste norske klassevis plassering

Jardar Havikbotn

Då Janne Elin Vatnaland sprang New York Marathon 6. november, oppnådde ho med 2. plass i sin klasse beste norske klassevis plassering.

Løpsfantomet frå Bokn, som var 20 år 15. november, er fornøgd med bragden i sjølvaste Big Apple. I løypa med mest bakkar blant dei store maratonløypene rundt i verda, fekk ho tida 3:31:22. Rett etter løpet var ho ikkje tilfreds med å ikkje å ha sett ny personleg rekord, men det gjekk fort over.

Janne Elin fortel at ho er kjempeimponert over eit enormt stort løp og oppleget rundt. Det er ei spesiell kjensle å vera med i verdas største maraton, med rundt 40.000 deltakrar.

Ikkje latmannsliv

På løpsdagen måtte ho stå opp kl. 04.30 om morgenen for å ta subwayen, for å komma seg til ferja vider.



Janne Elin Vatnaland viser fram medaljen saman med storesøster Hanne Marte.

Foto: May Jorunn Vatnaland

re til Staten Island. Så bar det med buss til startområdet, kor det blei delt ut kaffe, bagels, energidrikke m.m. - ting som kjem godt med når ein må venta lenge i kulda før ein faktisk får starta.

For kaldt var det. Minus 1, som forventa, etter å ha sjekka væravsetet kvelden før. Janne Elin stilte difor til start i tights og langarma genser, noko ho angra på - då det blei litt varmt under løpet. Skyfri himmel og strålende sol gjorde at det blei opptil 18 grader utanover dagen.

- Men eg trur ikkje dette spelte noka rolle for resultatet, seier ho.



Janne Elin Vatnaland under New York Marathon 6. november.

Foto: Hanne Marte Vatnaland

Stor oppleveling

Sjølve løpet var ei minnerik oppleveling for boknaren.

- Det var vanvittig gøy! Det sto menneske og heia så godt som langs heile løypa, der fleire hadde norske flagg, og til og me nokon med "Janne speedo"-T-skjorter, smiler 20 áringen, som før avreise til New York blei sponsa med nye sko og sårar av Intersport i Haugesund.

Det er ikkje anbefalt å byta til nye sko rett før eit viktig løp. Det tar litt tid å "springa inn" dei nye skorne. - Eg brukte difor dei gamle skorne for ein siste gong i New York, forklarar ho. Ho prøvde også dei nye sålane i dei gamle skorne på nokre joggeturar i Central Park før løpet.

- Eg merkar stor forskjell, og gler meg til å begynna å bruka dei meir, seier tannlegestudenten, som har løping som hobby ved siden av studiene. Ho er allerede påmeldt til Oslo maraton hausten 2012, og gler seg veldig. Før dette vil ho heilt sikkert vera med på fleire halvmaraton, og eit anna maraton, dersom det blir tid til dette.

Følgjer med

Idrettsentusiast, Bokn-patriot og hovedtrenar og sportsleg leiar av Stavanger sin største friidrettsklubb for

utøvarar over 16 år, utflytta boknar Einar Søndeland, følgjer med og synest



Mamma May Jorunn og mormor, Hildbjørg Håland, var med i heiagjengen.

Foto: Hanne Marte Vatnaland

det er kjempegøy at fleire og fleire boknarar driv med jogging. Han er også redaktør for GTI Stavanger, som hadde Bokn som topsak 8. november, med overskrifta **Bokn - kretsens neste friidrettsklubb?**

Einar Søndeland seier til Bokn Bygdblad at det ville gledd han om endå fleire heilt unge ville starta opp med friidrett, idretten kor ingen sit på reservebenken.



Folkehelsearbeidet, tverrsektorielt fokus og Yrkesmessa i Tysvær Arena

Anne E. Askeland

Ansvarleggjering og samhandling

Mykje av grunnlaget for god helse i oppveksten og gjennom livsløpet vert lagt i barne og ungdomsåra. Folkehelsearbeid handlar om å skapa gode oppvekstvilkår for born og unge, førebygge sjukdom og skader, og å utvikle eit samfunn som legg til rette for sunne levevanar, som gjev beskyttelse mot helsetruslar og fremmer fellesskap, trygghet, inkludering og deltaking. Folkehelsearbeidet krev systematisk og langsiktig innsats på tvers av sektorar og forvaltningsnivå, samt inolvering av frivillige organisasjonar og medvirkning frå befolkninga.

Bevisstgjering er eit nøkkelord når det gjeld folkehelsearbeidet. Men, kva er det vi må verta meir bevisste på?

Fyrst og fremst lyt vi i aukande grad ta inn over oss at vi alle har eit ansvar for eiga helse; dette gjeld både den fysiske, men i stadig større grad også den psykiske helsa vår.

Bevisstgjeringa

Vi lyt i større grad ta oss sjølv i nakken og reflektere over korleis vi tilnærmar oss ulike sider ved det å leva. Er vi i nok fysisk aktivitet? Har vi eit sunt, men ikkje for ekstremt forhold til dette med å eta sunt? Tek vi oss tid til å kjenna på stressnivået eller pressar vi oss sjølv til det usunne? Ser vi at borna våre er rastlause? Reflekterer vi over at mange born og unge har mange bekymringar; ja at dei faktisk tenkjer så mykje at dei har vanskar med å sovna om kvelden? Engasjerer vi oss i det som skjer der vi bur; i kommunen og i regionen? Tek vi samfunnsansvar, ja kanskje til og med står på barrikadane for å få tilrettelagd for eksempelvis gang og sykkelstiar eller for at bustadfelta vert planlagde der det er mest hensiktsmessig –for helsa? Og sjølv om ein er vorten pensjonist: Tek ein likevel initiativ eller gøymer ein seg bak kjensla av at ingen har tid? Har ein mot til å seia frå om at ein er einsam; har ein mot til å ropa høgt om at: - Sjå meg; eg treng deg? Du treng meg og; eg har så mykje å gi – sjølv om eg er vorten pensjonist....

Tek vi inn over oss at det finst mange små gleder i det daglege, eller er vi vorte blenda av at det må glitre i både sølv og i gull for at vi skal vera lukkelege? Ser vi at forskjellane i helse aukar og at sosial status på mange felt er avgjerdande for om ein har god helse eller ikkje? Kva skjer med helsa vår dersom vi brått står utan arbeid? Har vi alle eit ansvar når det gjeld å enga-



Ein av Bokn kommune sine to alt-mogleg-menn; vaktmeister Egil Ognøy:


- Eg har ein jobb med meining. Eg jobbar i teknisk etat, men det er ikkje alltid så teknisk som det høres ut. Oftast handlar det om menneska og helsa deira.

sjere seg i forhold til næringsutvikling og nyvinningar?

Helse i alt; høyrer vi stadig oftare; på alle nivå. Helse i all planlegging; helse i alt. For det er helse i alt. Når det er sagt: Uttrykket bidrar nok ikkje til at folkehelsearbeidet vert oppfatta som meir handfast for folk flest av den grunn.

Men; helsa er slett ikkje *handfast*, om ein vil. Fysisk og psykisk helse går hand i hand. Faktorar som verkar hel-

sefremjande verkar slik dei gjer nettopp fordi dei verkar inn på både den fysiske og psykiske helsa. For; det hjelper ein kanskje ikkje så mykje om ein er aldri så god til å sykla både Norge og andre land på langs, dersom ein står arbeidsledig og likevel lyt ty til antidepressiva for å hanskast med ein ny dag? Eller; i motsatt fall: Det er ikkje sikkert at ein er så lukkeleg likevel, sjølv med fleire millionar i løn dersom ein ikkje har nære relasjonar og kjenner ei einaste stor einsemd; kvar dag?




Kart over yrkesmessa og dei ulike verdene ungdommane kunne vitja.

Vi er ulike. Alle. Så også helsa vår. Og forskjellane i helse aukar. Diverre.

Parallellar

Folkehelsearbeidet får eit stadig aukande fokus. Grunnen er opplagt: Utgifte til uhelse er aukande. Utgifte til uhelse vil, om ein ikkje tek grep på både kort, men og på lang sikt, knekke både den eine og den andre økonomien. Det er difor vi skal ta grep no:) Vi skal ta grep tverrsektorielt, vi skal ta grep – saman.

Eit tverrsektorielt folkehelsearbeid handlar om å arbeida systematisk og målretta på tvers av sektorane, på tvers av forvaltningsnivå og på tvers av definerte organisatoriske forhold. Eit viktig steg på vegen er bl.a å synleggjera det viktige arbeidet som skjer innanfor teknisk sektor samt sikre ressursar nok i denne sektoren; både menneskelege ressurar, men og økonomisk. Kvifor? Jau; det er her saksframlegga vert utarbeidde – anten på bakgrunn av at kommunepolitikarane har bede om å få utreda ei sak eller fordi administrasjonen sjølv ynskjer å fremje ei sak. Saker som handlar om kor bustadfelta skal liggja. Saker som handlar om kor næringsverksemduene og dei nye, viktige arbeidsplassane skal liggja. Saker som handlar om kor gang - og sykkelstien skal liggja. Saker som handlar om korleis kvaliteten på drikkevatnet i kommunen skal vera og korleis ein skal sikre sikker og effektiv drift av vannverket... Saker som faktisk handlar om folkehelsearbeid.



Folkehelsearbeidet er i stor grad styrt av plan og bygningsloven. Det gjev i sin tur ein jobb med meinig.

Kva så. Teknisk sektor. Helsesektoren. Skule/barnehage. Kultur. I utkast til Handlingsplan for folkehelse Bokn kommune 2011-2012 finn vi følgjande utsagn:

Helse vert ikkje først og fremst skapt på sjukehus og legekontor, men på alle dei arenaer der menneska lever og verkar.

Denne gong var det viktig å ta eit utradisjonelt grep med fokus på tek-



Boknarar finn vegen til stand og får informasjon om yrkesmogleheter. Lyst å vera med og byggja eit godt samfunn som gjev god helse?

nisk sektor. Kunne det vere nyttig å gjere noko så utradisjonelt som å vere representert på ei yrkesmesse for ungdom og stå på stand saman med *Bygg og Anlegg?* For på denne måten å synleggjera teknisk sektor og yrkesmoglehiteitene der for ungdommen? Ungdommen; eller sagt på ein annan måte: Framtida?

Ungdommane vi møtte på yrkesmessa i Tysvær Arena tok i allfall svært godt imot oss då vi saman med Karmøy kommune stod på stand og representerde alle kommunane i regionen under verdenen *Bygg og anlegg, sjå plansje*. Det var første gongen yrkesmessa vart arrangert i Tysvær Arena og kommunane sjølv er medarrangørar for messa. Ungdommane fekk informasjon om dei konkrete yrkesmogleheitene som finst innanfor teknisk sektor i ein kommune samt informasjon om at ein ved å vera del av apparatet i teknisk sektor også har stor innverknad på folkehelsearbeidet. For å prøva å visualisere dette, samt for å kalle på smilet hjå ungdommane, stilte vaktmester Egil Ognøy villig opp i legefrakk og med stetoskopet rundt halsen. Stetoskopet var ikkje eit vanleg stetoskop, men eit som ein måler elektriske uregelmessigheiter med.

Førebygge meir, reparere mindre

Han fortalte ivrig om at han som vaktmester bidrar i reparasjonsarbeidet, men at han også bidar til å sikre sikker drift og vedlikehald innanfor ulike felt.

– Å reparere er så mykje dyrare enn å vedlikehalde, uttalar Egil.

Så, kvifor reparerer vi så mykje då – både i teknisk sektor og i helsesektoren? Av og til har vi ikkje noko val. Røyra der sør i kommunen rustar; dei lyt bytast. Dreneringa i grøfta der aust fungerer ikkje; vi lyt fram med spett og spade. Dreneringa må fungere elles renn det over. Vegen rasar ut. Bilane kjem seg ikkje fram. Verda

stoppar liksom litt opp. Eller var det kanskje sånn at diagnosen sa *Hjarteinfarkt*. Blodårene – røyra, var tette. Eller; vi får kreft; cellene deler seg for fort. Utan kontroll; svulsten er eit faktum. Svulsten klemmer på ei nerve og føreligheta vert hemma. Det rasar saman. Verda stoppar liksom litt opp. Vi kan velja om vi skal ha eit aukande fokus på å førebyggja heller enn å reparera: valet lyt vi ta ne; saman.

– Å; det visste eg ikkje, svara ei av dei unge jentene som var innom den kommunale standen då vi sa at ho, ved å satse på ei framtid innanfor tekniske fag, ville kunne bidra til å byggje eit godt samfunn for sine medborgarar. – Ta med deg brosjyren, svara vi, ivrige, og gav henne brosjyren med teksten: *Jobb med mening*.

Stor pågang

Totalt 2300 ungdommar var innom yrkesmessa i Tysvær Arena dei to dagane. Vi fekk diverre ikkje snakka med alle dei, men tett på 350 stykker var innom *Bygg og anlegg*-verdenen totalt. Av desse att fekk vi snakka med svært mange. Vi håpar og trur at både ungdommane samt representantane for dei andre aktørane som delte *Bygg og anlegg*-verda med oss fekk eit lite innblikk i kvifor det tverrsektorielle arbeidet er så viktig. Er vi rett heldige finn vi ein eller fleire av desse ungdommane på lønningslista i Bokn kommune om nokre år. Då arbeider vedkommande kanskje innanfor teknisk etat og bidrar i det viktige arbeidet som vert gjort der. Jau; sjølv sagt: Dei folkevalde er heilt sentrale i folkehelsearbeidet – i større grad enn nokon gong. Og det var jo det som var poenget: Vi skal ta grep tverrsektorielt; vi skal ta grep saman!

Vi ynskjer dei flotte ungdommane lukke til vidare med både skulegang og yrkesval.

Kulturkveld på Bokn bedehus

Reidar Alvestad

Teolog og Blix-biograf Anders Aschim har den første veka av november vore på ein liten turne på Haugalandet kor han har vore innom Skudeneshavn, Bokn, Aksdal og Sauda. Tema har vore både Elias Blix i høve 175 års jubileet, og den nye oversetjinga av bibelen. Til Bokn kom han den 4.november for å kåsera om Elias Blix.

Tradisjon

Bokn bedehus og Bokn mållag har gjennom mange år hatt samarbeid om ein årleg kulturkveld med ulike tema. Det meste har dreia seg om foredrag om ulike forfattarar, men også andre tema har vore på plakaten. Eit fast innslag på kulturkveldane har vore at

frå desse kulturkveldane. Det viser også oppslutninga. Møtesalen nesten full kvar gong. Det skuldast nok at ein alltid har hatt dyktige foredragshaldarar, flotte musikalske innslag og ekstra god mat. Slik var det også i år. Det er også ein litt annleis måte å brukha bedehuset på, og det når fleire enn den flokken som går fast på bedehuset.

Elias Blix

Etter at Leiv Våga hadde ynskt velkommen, var det tid for å synga "Himmelske fader" som første Blix-salme. Deretter framførte songtrioen "Stendig mot havet stundar" og "Syng i stille morgenstunder".

I foredraget sitt var Anders Aschim innom mange epokar av Elias blix sitt



Anders Aschim held foredrag.



Songtrioen syng: frå v. Elisabet Taraldlien, Oddrun Nilssen og Venevil Birkelund.

eit flott bord med tradisjonsmat står dekka i matsalen. Bedehuset har mange hjelparar som førebur maten, medan mållaget stiller med Songtrioen. I år var det Venevil Birkelund, Oddrun Nilssen og Elisabet Taraldlien som sto for songane. Sistnemnde steppa inn som vikar ved dette høvet.

Det er mange positive tilbakemeldingar

liv. Han var fødd som bondefiskarson i 1836 i Gildeskål i Nordland, og døydde i Kristiania i 1902.

Elias Blix flytta til Tromsø som 17-åring kor han tok lærarutdanning og underviste. Her vart han kjend med ei bok om det norske språk av Ivar Aasen, og skjøna at dette var hans eige språk. Han flytta til Kristiania for å studera teologi. Han tok eksamen i fleire

fag, doktorgrad, og vart professor. Seinare vart han statsråd i Johan Sverdrups regjering. Etter dette var han tilbake i arbeid på universitetet. Elias Blix er nok best kjend som salmediktar. Han er den opphavsmannen som har flest tekstar i Norsk Salmebok, og tekstane har høg kvalitet. Den første tida han dikta salmar var det ikkje nynorske salmar i bruk ved gudstenester i Norge. Andre juledag 1884 var første gong ei nynorsk salme vart brukt i ei kyrkje. I dag er kyrkja det samfunnsområdet der nynorsk står sterkest.

Mot slutten av foredraget song forsamlingsa "Med Jesus vil eg fara". Så framførte Songtrioen "Å eg veit meg eit land". Deretter vart eit særst interessant og godt foredrag avrunda, og Fedrelandssalmen avslutta denne delen av kulturkvelden. Det vanka sjølv sagt blomar både til Anders Aschim og Songtrioen for framifrå foredrag og song. Deretter vart alle inviterte til matsalen og eit bord med delikatesser av mange slag, frå rømmegraut, gome, dravle, mjølkeboller – til fenalår, skinke, røykesild og mykje meir.

Advent

Advent er en kristen årstid som markerer forberedelse til juletiden. Navnet kommer fra latin *Adventus (Redemptoris)*, «(Herrens) ankomst». Første søndag i advent er første dag i kirkeåret.

I ortodokse kirker begynner advent 15. november, og varer i 40 dager. I andre kirker begynner den på søndagen som er nærmest festen for St. Andreas (30. november), og varer fram til jul. Fjerde søndag i advent kan da falle på julafarten.

Kilde: Wikipedia

Boknakryss!

På neste side kan du løysa eit nytt kryssord av beste heimelaga sort, med lokal snert.

Løysinga kjem i neste blad.

Lukke til!



	1	2	3	4	5	b	
7		7					
8					9		10
					11		
12				13		14	
15		16	17				
	18						
22		23		24			
25		—	26				
27		28			29		30
31		32		33		34	
35	36		37		38		
39	40		41	42	43		
44		45			46		

LODDRETT

2. Stedsnavn i Bokmål
3. Ensamt
4. Motorskip
5. Mange
6. Sy
10. Ramle
11. Stirre
13. Lages av melk
15. Ubehag
16. Fred
17. Skli
18. Feilfrie
19. Viker
20. Bakverk

VANNRETT

- | | | |
|----------------|---------------------|--------------------------------|
| 1. Matros | 29. Siste møte | 21. Einingsleiar
i kommunen |
| 7. Sløse | 31. Skue | 26. Julie ... |
| 8. Dyr | 32. Dyr (flertall) | 28. Tøyset |
| 9. Narkotika | 35. Blomst | 30. Vaktmeister
i kommunen |
| 11. Stol | 37. Firma | 33. Gutteneavn |
| 12. Alle | 38. Jenteneavn | 34. Jenteneavn |
| 14. Spis | 40. Til fiskestanga | 36. Deg og meg |
| 16. Gavmild | 41. Har katten | 39. Fjernsyn |
| 22. Fellesstap | 43. 2 like | 42. Treslag |
| 23. To like | 44. Klokt | |
| 24. ikke dum. | 45. Smarter | |
| 25. Oddvar Brå | 46. Til | |
| 27. ikke inn | | |
| 28. Etternavn | | |



*Styrearbeid
i frivillig sektor;
papirbunkar og stort ansvar eller
givande og lærerikt?*

Bokn kommune inviterer med dette til temakveld om

Styrearbeid i frivillig sektor, onsdag 7. desember kl. 18 – 21, Sjøhuset i Alvestad-kroken

Ansvarlege for temakvelden:
Lars Nervik, nestleder Haugesund Røde Kors
Anne Elisabet Askeland, folkehelsekoordinator Bokn kommune

Målgruppe: **Alle** som er interessert i styrearbeid og som anten har styreverv eller som vurderer å ta styreverv.

Bokn kommune vil spesielt oppfordre ungdom til å delta.


Agenda:

- Styrearbeid; kva er det?
- Styrekompentanse; treng vi det?
- Rekruttering til styreverv; kva skal til?

Gruppeoppgåve og diskusjon.

Enkel servering. Fri entre.

Påmelding til
anne.elisabet.askeland@bokn.kommune.no eller på telefon 95945908.



Hugs - gratis juridisk hjelp i servicetorget

Gro Sørensen

Du kan få gratis juridisk hjelp i servicetorget også hausten 2011.

Bøn frå barnehagen:

- Me hadde sett pris på om dei som køyrrer forbi barna når me er på tur langs vegen, viser omsyn og slakker ned på farten. Me synest at dei ofte køyrrer alt for fort, og det skal berre eit skritt eller to til å havna ufrivillig ut i vegbanen for barna....



Kommunebussen

Jardar Havikbotn

Det er utarbeida regelverk og utleigeskjema for utlån av den kommunale minibussen. Desse kan lastast ned på bokn.no (høgremeny), eller ein kan få dei på servicetorget.

Minibussen, som var ny i juni i år, er av merket Mercedes Sprinter, har 17 sitteplassar inkludert sjåfør og montert rullestolheis. Ein må ha sertifikat D1 for å køyra han.

Bussen, som er stasjonert ved Boknatur, er til bruk i den kommunale verksemda, for frivillede lag og organisjonar og privatpersonar.

I regelverket heiter det m.a. at kommunale verksemder, samt frivillige lag og organisjonar i Bokn kommune ikkje betalar leige ved lån av bussen, men låntakar må dekka kostnadene til drivstoff. Drivstoffkostnadene skal dekkast med innbetaling av kr. 1,50 pr. kjørte km.

Søknad (utleigeskjemaet) må vera i servicetorget seinast 24 timer før utleige.

God tur:)



Utover hausten blir dette desse onsdagane kl. 13.30 - 15.30:

- 14. desember

Tenesta er uavhengig av inntekt og formue og du kan nyte deg av ordninga fleire gonger pr. år. Det er advokatfrima Vik Vestly AS som gir advokatenester og målet er at innbyggjarar i Bokn skal få hjelp til å løysa enkle juridiske problem på ein

rask og effektiv måte, utan å måtte oppsøkje advokatkontor. Advokaten har inga tilknytning til kommunen.

Vil du nytta deg av ordninga - ring servicetorget på tlf. 52752500, eller send ein e-post til post@bokn.kommune.no

Me kjem tilbake med nye datoar etter jul.

Syng med oss!

Jardar Havikbotn

6. november var rundt 80 songglade boknarar samla i Auditoriet. Det blei ei fin musikkstund.

Amfiet på skulen eignar seg veldig godt til slike arrangement, der publikum både ser forsongarane og tekstanne på storskjerm, utan å sitja i vegen for kvarandre. Arrangør Bokn sanitetsforening har også vore smarte, då dei spurde både Barnekoret og Boknakoret om å vera med. Repertoaret blei då naturleg variert.

For her var alt i frå *Bæ, bæ lille lam* til *Let It Be*. Sistnemnde den einaste av dei 25 songane som var på engelsk. Her var klassikarar som *La oss leve for hverandre*, *Sønnavindsvansen* og *Lys og varme*. Tilhøyrarane fekk også røra på seg i t.d. *Ola i Gudbrandsdalen* - ein song som også fekk fram smil og latter i rommet.

Godlyd

Barnekoret, med dirigent Oddrun Nilsen, og Boknakoret, med dirigent Anne Tove Øvrebo, fungerte glimrande som forsongarar. Venevil Birkelund og Anne Tove Øvrebo sørga for pianoakkompagnement medan Daniel Thuestad, som vanleg, var god å ha på trekkspel. Dei nemnde damene har også gode formidlingsevner, som alltid kjem godt med i kommunikasjon med publikum. Og publikum song for full hals. Det frammøttesørga for svært god lyd denne sundags ettermiddagen.

Eit høgdepunkt for mange var det då Maria Nilssen var solist i Gabriellas song. Maria har song som hovudinstrument på musikklinja ved Skeisvang vs., og har allereie utvikla stemma sidan skulestart i haust. Me vil nok få høyra meir frå ho framover.

Leiar i Sanitetten, Reidun Grønnestad, var svært tilfreds med gjennomføringa, og gav avslutningsvis fortente blomar til Venevil, Oddrun, Daniel og Anne Tove.

Ein god mat- og drøsepause delte to innhalsrike songøkter, og førte til at arrangementet varte i to timer. Det



SMIL OG LATTER: Tilhøyrarane fekk røra på seg i *Ola i Gudbrandsdalen*.



TALENT: Maria Nilssen er solist med Boknakoret i *Gabriellas song*.

var ein fornøgd og glad gjeng som kunne dra heim i haustmørket.

Sjå også Bildealbumet
Syng med oss på bokn.no

Husk tran

Dag-Helge Rønnevik

Dei fleste nordmenn bør ta tilskot av D-vitamin heile vinteren.

LITE SOL – LITE D-VITAMIN

Feit fisk, tran og vitamintilskot må til for å sikre nok D-vitamin om vinteren. Om sommaren er det nok med eit kvarter sol direkte på kroppen for å få dagsrasjonen av D-vitamin på plass. Frå oktober til april er me for lite ute i sol til at dette har noko nytte. Våre nye landsmenn med mørk hud treng eit ekstra fokus på tilskot av D-vitamin heile

året.

VIKTIG FOR SKJELETT OG TENNER

D-vitaminet regulerer opptak og omsetning av kalsium i kroppen. Ved mangel på D-vitamin kan ein få redusert mengde kalk i skjelett og tenner. Dette kan føre til beinbrudd og tannproblemer.

VIKTIG FOR IMMUNAPPARATET

Mange studier tyder på at D-vitaminet er viktig for immunapparatet. Mangel på D-vitamin kan då føra til auka problem med infeksjonar og kansje også kreft.

10 MIKROGRAM DAGLEG ER NOK

Dagsrasjonen av D-vitamin finn du i 1 spise-

skei tran, alternativt eit par skiver med tomatmakrell, ein god middag med laks, aure eller sild. Ulike vitaminpreparat inneholder også dagsrasjonen – men desse smaker nå ikkje så godt. Reine omega-3-preparat inneholder ikkje D-vitamin, med mindre dei er marknadsført som D-vitamin tilskot.

Kjelde:
Lars Johan Lysen
Kommuneoverlege



TT-kort

Tore Bøe Olsen

I høve etablering av Bokn Taxi, vil kommunen informera om TT-ordninga.

TT-ordninga er ei ordning kor du kan søkja om å få dekka utgifter til transport (drosje), dersom du har vesentlege forflytningsvanskar av varig art. TT-ordninga blir administrert av Fylkeskommunen, og søknad om TT-kort skal sendast til Rogaland Fylkeskommune. Kommunen kan imidlertid vera behjelpelege med å skaffa søknadsskjema.



Annonser

KFL bil og utleige

Utleige av stillas	frå 500 kr. veka
Utvendig lakkrens av bil	frå 2500 kr.
Innvendig reingjering	frå 500 kr.
Skinnpleie	frå 500 kr.
Desinfisering av klimaanlegg	500 kr.

Kjell Frode 907 83 797
John Magne 909 24 964
Epost: kjellfrode75@hotmail.com

Har du avgalde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - www.thk.no/

Annette Bokneberg (91 32 82 58) og Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)



Møteplanar, kommunale styre og utval

Bokn kommunestyre

Tysdag 13. desember kl. 19.00 (Boknatun 2. etg.)

Bokn formannskap

Tysdag 06. desember kl. 17.00 (Boknatun 1. etg.)

Bokn forvalningsstyre

Tysdag 06. desember kl. 19.00 (Boknatun 1. etg.)

Bokn sokneråd

Torsdag 08. desember kl. 19.00 (Bokn bedehus)

Bokn senior/brukarråd

Torsdag 15. desember kl. 18.00 (Boknatun 1. etg.)

Politiske møte blir gjort kjende gjennom oppslag på Coop Marked Bokn og kommunen si heimeside ei veke før møtet går av stabelen. Sakspapira blir utlagde til offentleg ettersyn samstundes i Servicetorget og Bokn bibliotek.
Det kan bli sett opp ekstramøte ved behov.



Har du noko arbeid du skulle ha gjort,
vedlikehald, vaktmeistertenester m.m.

Spør oss!

Tlf. 99 51 39 72 - 52 74 81 65



COOP MARKED BOKN



Mandag til fredag: 09.00 - 18.00

Lørdag: 09.00 - 16.00

Julafoten til kl. 13

Drivstoff hele døgnet - kortautomat



Juletresal 2011



Som tidlegare år får Bokn Røde Kors fine tre frå Liv og Osmund Lund frå Sjernarøy.

Det vil bli lagt ut liste på butikken for førehandstinging. Førehandstinga tre kan bli leverte på døra, men det er fint om du tek ut treet dei dagane vi står på kaien.

Vi vil i tillegg selge tre i Foresvik laurdagane 10. og 17. desember.

kl 09.00-16.00 - **Pris: 350 kr**

Det vil i tillegg bli lagt ut liste under julegrantenninga som ein kan skriva seg på.

Ein kan og tinga tre via tlf. eller epost :

Kjell Frode 90 78 37 97

kjellfrode75@hotmail.com

Prøv ein annonse i Bokn Bygdablad



800GJELD

- Ditt første kontaktpunkt
- Gir hjelp til selvhjelp, og er en støttespiller gjennom prosessen
- En tjeneste for alle



Ring NAV 800Gjeld (800 45353)

E-post: 800gjeld@nav.no

Landsdekkende tjeneste for økonomiske råd og veiledning

Åpent mandag til fredag kl. 0900-1500

(gratis fra fasttelefon og du kan være anonym)



Øvinga til 19. des. i full gong!

Jardar Havikbotn

Anne Tove Øvrebø seier til Bokn Bygdablad at Boknakoret er godt motiverte til hendinga i kyrkja siste måndagen før julaftan.

- Ja, me gler oss veldig, håpar på ein koseleg kveld, og at folk kjem, seier kulturskulekretoren, som har full kontroll på konserten, då ho både er dirigent for Boknakoret og er ein av vokalistane i Roger Handeland Band. Presten vil også medverka.

Bildet øverst er frå plateinnspinga til **Juleplata 2**, som du sjølv sagt kan få kjøpa 19. des. (kr. 150).

Det er duka for ei flott førjulsstund i kyrkja. Konserten startar kl. 19.30, og dørene blir opna kl. 19.

Billettar hjå Coop Marked Bokn: Vaksne kr. 200 - barn kr. 100 - fam. Kr. 500

Arr. Bokn sokneråd



Forsikring handler om trygghet



Vil du vite mer?
Ring 02002 eller
se www.sr-bank.no

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie - 909 24 964
Kjell Frode Lie - 907 83 797

Utleige av minigraver 2500 kg

Pris døgn	kr. 1.000,- + mva
Pris veke	kr. 5.000,- + mva
Pris pusseskuffe	kr. 150,- + mva
3.500 kg hengar, døgn	kr. 400,- + mva

Kontaktpersoner:

John Magne Lie 909 24 964
Kjell Frode Lie 907 83 797



Førjulstid på Hårsmia, nye varer med godt utvalg av gele/wax, fine julegavetips


- HÅRFARGING/HELFARGING NÅ FRA KR. 500,-
 - STRIPER/FOLIE FRA KR. 400,-
 - FORMING/FARGE AV VIPPER OG BRYN KR. 280,-
 - PERMANENT FRA KR. 600,-
- Massasje følger med all behandling om en ønsker

Kommer gjerne hjem til dere og klipper

Ønsker alle en riktig god jul og godt nytt år.

52748647/46442920

Med vennlig hilsen Mona på Hårsmia



Mine åpningstider er tirsdag-fredag

Oddetalsuker: kl. 09-16

Partallsuker: fleksible åpningstider

Ønsker alle mine kunder en riktig god jul og et godt nytt år!

Hilsen fra Anita
99 32 55 34 - 52 74 85 34

BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker. Opningstider 08 – 15.30. Telefon tider 08-11 og 13-14. Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).

Ved livstruende tilstand, ring 113.

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

Lista blir fylt opp, men det er framleis ledig kapasitet!

Dag-Helge Rønnevik - lege

DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00. Treng du skyss, blir du henta på døra. Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne. Påmelding på tlf. 93 09 39 98
Mariann Skjelde - aktivitør



NAV BOKN

Kontortid kl. 9.00 – 14.30

Kundesenteret: tlf. 815 81 000

Unn A. Mustaparta - leiar

HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 -15.30
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 46 93 69 65

Henriette S. Lindanger - helsesøster

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag kl. 08.30 - 14.00

Timebestilling tlf. 99 70 74 28
Direktenr. tysdag: 52 75 25 33

Rita Bokneberg - fotterapeut

LANDBRUKSKONTORET

Kontordag kvar torsdag på Boknatun kl. 08.00 - 12.00

Direkte nummer: 52 75 25 11

Avtale etter kl 12 må gjerast særskilt.

Bjørn Bruaset: 52 75 71 75

Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

Bodil Ljones Auestad - jordmor

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.
52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30– 15.00

Me kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- uteleje av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av byggdøører, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no

BOKN TANNKLINIKK

Bokn tannklinik tar nå imot nye vaksne pasientar.

Kontortid
tysdagar kl. 08.30 - 15.10
Tlf. 52 75 25 80

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinik, tlf. 52 75 45 20

Tannlege Ingjerd Hope Myklebust



Bokn bibliotek

Opningstider:

Mån.	16 - 19	Ons.	16 - 19
Tys.	10 - 13.30	Tors.	10.- 13.30

Prøv ein annonse i
Bokn Bygdablad

Til
Grunneigar/naboar/offentlege instansar

Melding om oppstart av detaljregulering for turveg, Alvestad - Føresvik

Som grunneigar/nabo/offentleg mynde vert de med dette, i samsvar med §§ 12-3 og 12-8 i Plan- og bygningslova (PBL), varsla om oppstart av detaljregulering for turveg mellom Alvestad og Føresvik.

Planområdet

Eigedommar som inngår i planen er: gnr. 9 bnr. 5, 134, 138, 139, 140, 141, 142, 143, 144, 145, 146, 147, 148, 155 og 156. gnr. 11 bnr. 5, 12, 13, 18, 20, 51, 57, 63, 80, 85, 133, 140, 143, 149, 156, 157, 172, 199, 253, 257, 266, 267, 276 og 281.

Planområdet utgjer til saman ca. 102 da.

Planen vert utarbeidd på vegne av Bokn kommune.

Akvator AS er utførande konsulent for planprosessen, Turid Verdal er kontaktperson i Akvator.

Føremål med planarbeidet

Planen vert utarbeidd med utgangspunkt i planprosess for to detaljplanar som vart starta opp i 2006-07 og ikkje avslutta; *Reguleringsplan for turveg mellom Fyrvegen og G/S veg sør for E39 langs Boknasundbrua (2007)* og *Reguleringsplan for turveg mellom Føresvik og Alvestadkroken (2006)*.

Planframlegget koplar desse to plana-

ne saman til ein plan, samtidig som plangrensa vert utvida til å omfatte tilgrensande, uregulert areal. Føringar frå desse to prosessane ligg som bakgrunn og føresetnad for den nye planen.

Hovudføremålet med detaljplanen er å knyte Føresvik og Alvestad saman med ein turveg/kultursti. I tillegg omfattar planområdet eksisterande bustadtomter, hyttetomt, friområde, landbruksområde, kulturminneområde, småbåthamn og naustområde kring turvegtra-sen.

Planen legg opp til ei utviding av industriområde tilhøyrande Bokn Plast i nordaust, samt nokre nye naustomter. Planområdet inkluderer også mykje areal i sjø, som tidlegare ikkje var ein del av dei to tidlegare planframlegga. Bakgrunn for å inkludera tilgrensande areal til turvegen er å gi området ei heilskapleg arealforvaltning i området.

Bokn kommune har vurdert planen slik at det ikkje er krav om konsekvensutgreiing. I hovudsak vert planframlegget i samsvar med gjeldande kommuneplan (2005), samt at planen sitt omfang er ikkje stor nok til at den automatisk skal konsekvensutgreiast.

Medverknad og informasjon

Mogelege merknader til oppstartsmeldinga må sendast til:

**Akvator AS,
Pb. 743
5404 STORD**

Eller elektronisk:
**plan@akvator.no eller
turid.verdal@akvator.no**

Frist for merknadar er 16.01.2012 (+6 veker).

Vidare saksgang

Etter at meldingsfristen er ute vil Akvator utarbeida eit planframlegget som inneholder planomtale, plankart og føresegner. Planframlegget vil verta handsama av Bokn kommune ved politisk utval. Etter første gongshandsaming i kommunen vert planen framlegget lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil også då verta opna for merknadar/innspeil til planforslaget før vidare politisk handsaming.



Bokn Bygdablad

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 350,- pr. år, 500,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skule-elevar og studentar.

Redaktør: Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Medarbeidarar: Annette Bokneberg/Gro Sørensen

Bygdabladnemnd

Johannes Nilssen
 Ellen Nedrebø
 Lars Norekvål

Foto, omslag:
 Stephan Haram

Gjeldande annonseprisar (netto)

Heilside	kr. 625,-
Halvside	kr. 375,-
Kvartsida	kr. 188,-
1/8 side	kr. 125,-
Privatann.	kr. 63,-
Fast-/fargeann.	etter avtale



STORT FRAMSIDEBILDE:

Trolsk i Trollskogen - sjå også neste side

Foto: Elisabet Taraldlien



Friluftsveke i barnehagen!

Tekst: Marianne Lie - foto: div.



26. oktober til og med 1. november var det friluftsveke i barnehagen. Spente og fulle av forventninger var me klare.

Me delte borna i grupper på tvers av alder. Dei vaksne vart fordelt på dei ulike gruppane. Ein voksen hadde ansvar for den same plassen, og me hadde fire forskjellige basar.

Romlingane

Dei minste på Småtroll var ei gruppe som Tone hadde ansvar for. Dei heldt seg i barnehagen, eller gjekk på tur i nærmiljøet. Dei hadde også Lavvoen vår oppå utanfor Småtrollavdelinga, og dei åt inne i han. Dei hadde songstund, eventyrstund og sov også i Lavvoen.



Naturstien

Ein base var ved bekken på Naturstien, som Oddrun hadde ansvar for. Her fekk alle barna lov til å spikke seg ein barkebåt, og "sjøsette" han i bekken.

Dei eldste borna fekk spikka sjølve, medan dei yngste fekk ei hjelpende hand.



Det blei ein utrøleg flott leik, og det vart også fiska ein del med sjøvlaga fiskestenger. Me lagde vasshjul av ei potet med seks plastskeier inni, og ein grillpinne gjennom – og fasinasjonen var stor over denne innrettinga som gjekk rundt og rundt i eit lite fossefall. På bruha passa det godt å dramatisere "dei tre bukkene bruse" – borna bytta på rollene, og spelte seg gjennom heile eventyret.

Det var varm mat kvar dag som me laga på stormkjøkken, noko dei fleste ikkje hadde sett før. Det gjekk i fiskekaker, tomatsuppe og pølser og potetstappe.



Trollbuå

I Trollbuå var Elisabet ansvarleg, og her er mykje tilrettelagd med tau mellom trea som borna kan klatre i, og det var spesielt kjekt for dei minste som ikkje hadde vore der før. Alle borna hadde det veldig kjekt i Indianerhyttå, og bekken ved røyret er ein slager – så her vart det også laga fiskestenger. Fantasien var på topp, og det vart mange timer med fin leik, etter å ha gått den, for nokon, bratte stigninga over Lamparhaugen. Det vart fyrt i gruva inne i hytta, og me laga god mat kvar dag – kan nemne pannekaker som eit eksempel....

Det er supergøy å leika i strandkanten..det finst så mykje spanande der...Me lærte namna på dei forkjellige skjella også. Mette og fulle av opplevingar gjekk me mot barnehagen, og prøvde å få lastebilane til å tute for oss når dei køyrdie forbi...

Me hadde Kims leik med luktesansen, og det var forskjellige ting som kaffi og forskjellige krydder. Dette slo an hjå borna som stakk nasen borti, og noko var "æsj" og andre sa "det lukta boller". Eventyrsamling hadde me også, og borna ville høre meir og meir.....



Nærmiljøanlegget

Silje hadde ansvar på siste basen, og her er det mulehettar for ulike aktivitetar! Turen ned tok litt tid, fordi det er mykje fint å sjå på i vegen – blant anna stoppa me ved Kvednabekkjen på kvar tur ned....

På gruva lagde me lapskaus og lappar, medan ein voksen leste kjende eventyr for borna med god innleiving og drama i stemmen.... Etter maten vart det leik med ball, begrepstrening (større enn, mindre enn, osv.), og me skreiv bokstavar i sanden. Dei store borna hjalp dei minste når me laga kunstverk i sanden, og samanlikna oss med dei mest berømte kunstmålarane i verda!

Me har hatt ei fantastisk flott veke i barnehagen, der vøret viste seg frå godsida, og med mykje sjøvlaga mat i naturen som då smakar ekstra godt!!:) Dei minste borna hadde vogner, og me kunne trille dei tilbake til barnehagen medan dei sov godt - etter å ha vore leeenge ute.

Å dele borna på tvers av alder og avdelingar har gitt dei vaksne ei god erfaring, og dei store borna har vist dei minste omsorg:
– Kom, så skal eg hjelpe deg, var utsagn med høyrde ofte. Mange gode opplevingar for alle..., og me ser fram mot nye veker i den flotte naturen på Bokn.

Bildetekstar:

1. Populært å sova i Lavvo for Romlingane.
2. Nysgjerrige....
3. Begrepstrening på Nærmiljøanlegget.
4. Frå Trollskogen.

Teikningar, Ådnaneset 30. oktober (sjå s. 4-8)



Martine Jøsang



Karita Jøsang




Frida Jøsang




Frida Jøsang



Amund Askeland Hauge



Hermine Lindanger



Sigurd Johnny Svendsen



Elise Askeland Hauge